

Svar på spørsmål frå Brosvik (Krf) om finansiering av utbetringar på fv.5184 Grimstadvegen, Bergen kommune

I e-post dagsett 9. juni 2021 syner representant Brosvik (KrF) til følgjande spørsmål ho har mottatt:

"Jobbes det på noen som helst måte med å sikre finansiering mot utbedring av Grimstadvegen i Bergen kommune? Som beboer er jeg sterkt bekymret for tilstanden på veien og mangel på fortau, spesielt mtp. alle barn som sykler og går langs veien, når kjører fort og tungtransport er massiv ift. standard på veien."

Brosvik ber om informasjon om status for fv.5184 Grimstadvegen, og om det er planar for utbetring her.

Svar frå fylkesdirektøren

Grimstadvegen har dels låg standard og manglar tilbod til gåande og syklande. Ut over dette er det kanskje spesielt utforminga av kryssområdet med fv. 556 Ytrebygdsvegen som er mest utfordrande - dårleg siktilhøve mv., der det m.a. over år har vore ulykker mellom syklist og bil.

Det vart i 2015 utarbeidd eit notat med forslag til trafikktryggingstiltak på kortare sikt i Grimstadvegen, basert på ei felles synfaring etter at områdeutvalget for Søreide tok kontakt med fylkeskommunen og Statens vegvesen. I 2016 vart det innført 40 km/t fartsgrense på ein 1,6 km lang strekning supplert med fysisk fartsdemping (7 fartshumpar), samt utbetra nokre parti med dårleg/manglande rekkverk.

I gjeldande kommuneplan for Bergen ligg dette rekkefølgjekravet:
«4.3.1 Grimstad: områder som betjenes via Grimstadvegen kan ikke bebygges før veien er utbedret og offentlig avløp er etablert».

Det går føre seg eit planarbeid, leia av Bergen kommune, med områderegulering for Dolvik-Hope, som omfattar Grimstadvegen. Rekkefølgjekravet frå kommuneplanen er førande for planarbeidet, det vil seie at Grimstadvegen må utbetrast med fortau (og nye VA-anlegg) før ny utbygging. For å betre trafikktryggleiken vert austre del av Grimstadvegen lagt om, slik at krysset Grimstadvegen-Ytrebygdsvegen vert flytta mot sør. Elles regulerer planen fortau langs heile Grimstadvegen. Det er føreslått rekkefølgjekrav, noko som opnar for utbyggingsavtalar mellom private og offentlege partar om finansiering av infrastruktur.

Som vegeigar er Vestland fylkeskommune tett involvert i planarbeidet. Reguleringsplanen skal til andre gongs handsaming i Bergen bystyre 16. juni 2021.

Utbetring av fylkesvegar i Bergen vert finansierte gjennom Miljøløftet. Det er i dagens situasjon i Miljøløftet ikkje planlagt eller prioritert ytterlegare trafikkisikringstiltak på kortare sikt på Grimstadvegen ut over tiltak av drifts- og vedlikehaldskarakter.